

Høyringsfråsegn frå Norsk namnelag om utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn og revisjon av utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn

Når det gjeld skrivemåten av kvenske stadnamn, har ikkje styret i Namnelaget kompetanse i kvensk, og vi viser til fråsegner frå kvensk fagmiljø.

Revisjon av utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn

Oppsettet i reglane

Grepet med å setja inn nummererte avsnitt med underoverskrifter i dei bolkanane der fleire tema blir behandla, er vellukka og gjer oppsettet meir oversiktleg.

Dei punkta vi ikkje kommenterer, har vi ikkje merknader til.

1.1 Aktuelle paragrafar

I overskrifta for kvar paragraf må tilvisinga vera lik:

Lova § 1 første ledd

Lova § 2 bokstav e

Lova §4 første og andre ledd

Forskrifta § 1

Forskrifta 3 første ledd

§ 4 første og andre ledd

Her er gammal lovparagraf sitert. Andre og tredje setning skal lyde: *Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.*

1.3 Meiningsinnhald og etymologi

Siste avsnitt, som er nytt, er nyttig og opplysende.

1.7 Rettskrivingsformer

Tillegget om at eldre rettskrivingsformer som har normeringstradisjon, kan bli akseptert i nokon mon, står vi.

1.8 Regionale samleformer, 1.9 Lokale dialektformer og 3.2 Jamvektsformer

Å forklare skilnaden på regionale samleformer og lokale dialektformer er vanskeleg. Til dømes er *Håggån* døme på ei lokal dialektform som krev «særlege grunnar» i gjeldande reglar, men forma er teken ut i framlegget til nye reglar. Grunngevinga er «at det er innarbeidd praksis å skrive dobbelt konsonant i namn av denne typen i en del trøndelagskommunar, og at dette ikkje treng ein særskild heimel, som òg kan oppfattast som ei innskrenking». *Håggån* blir altså rekna som regional form i framlegget til nye reglar, utan at dette blir sagt eksplisitt. Kva så med skrivemåten *Haggan*? Krev denne skrivemåten «særlege grunnar»? På grunnlag av døma i 3.2 må det tolkast slik. Her står det at uttalen

/hag:an/ vil kunne skrivast *Hagen* eller *Hagan*, altså ikkje *Haggan*. Etter vårt syn bør dette presiserast.

I 1.8 er omsynet til konsekvens og einskap teke ut. Grunngevinga er at desse trekka er mindre brukte som argument etter dei siste revisjonane i lov og forskrift. Det har tidlegare vore tradisjon for å halda nasjonal einskap som ei viktig rettesnor i namnenormeringa, og sjølv om dette er tona vesentleg ned i regelverket no, meiner vi likevel at *einskap* og *konsekvens* bør vera med som eit *råd* i arbeidet med driva god namnerøkt!

2 Kjønn, tal form

Formuleringa «den nedervde lokale uttalen i området» bør endrast til «den nedervde lokale uttalen *på staden*». Det er denne formuleringa som er nytta elles i regelverket.

3.8 Bevaring av trekk frå eldre språksteg

Vi stør at dette avsnittet er kome inn.

3.11 Aksentteikn

Vi ser ikkje heilt behovet for denne regelen. Folk flest har ikkje nok kunnskap om aksentteikn, verken i skriftleg bruk, som gjer at det lett blir feil, eller kva teikna betyr for uttalen.

4 Bøyingsverk

Generelt meiner vi at det bør vera dømme ved kvart underpunkt, ikkje berre ved enkelte av dei.

4.1 Eintalsformer – sterke hokjønnsord

4.1.4 Vi stør framlegget om at endingane *-e*, *-o* og *-å* blir sidestilte, og at dei kan nyttast berre når særlege grunnar talar for det.

4.2 Eintalsformer – svake hokjønnsord

4.2.3 Vi stør framlegget om at endingane *-a*, *-u*, *-o* og *-å* i jamvektsord i trøndsk og austlandsk berre kan nyttast når særlege grunnar talar for det.

4.3 Eintalsformer svake hankjønnsord

4.3.2 Her bør dei palatale formene *bakkjin* og *hagjin* koma med i tillegg til døma *bakkin* og *hagin*.

4.4 Fleirtalsformer

Formene som er nemnde i 4.4.1.2 til 4.4.1.6, blir definerte som regionale samleformer. Eintalsformene som er nemnde i 4.1.4, 4.1.5, 4.2.3, 4.2.4 og 4.3.2, er definerte som lokale dialektformer, som krev særlege grunnar for å kunne nyttast. Kvifor er det stilt «strengare» krav til eintalsformene enn til fleirtalsformene?

6 Samansette namn

6.1 Lause samansetningar: Dette er eit nytt punkt, som er nyttig og opplysende.

leiar i Norsk namnelag